

Luftutskifting må betrast

01.02.2013

Sunnhordland HMS har gjort målingar av inneklimaet ved skulen og konkludert med at det må gjerast tiltak for å betra luftutskiftinga. Moglege tiltak er innsetting av ventilasjonsanlegg, unngå dobbeltimar, lufting med opne vindauge i kvart friminutt, kort lufting i timane og nedskruing av ovnane på lærarrom.

Luftutskiftinga i klasseromma Skårhaug, Storhaug, Gråfjell og Halsatoppen er for dårleg til å halda konsentrasjonen av CO2 under grenseverdien på 1000 ppm. I Englafjell og på lærarrommet er konsentrasjonen i snitt under dette men makskonsentrasjonen er over. Temperaturen i klasseromma er innanfor anbefalte normar men i arbeidsrommet er den litt høg.

Mycoteam har konkludert prøver dei har teke med at dei ikkje gjev nokon unormal spredning av spiredyktige muggsopspor. Men dei har fått opplysning om lekkasje og vanninntrenging og kan ikkje utelukke vekst i konstruksjonane sjølv om dette ikkje kjem fram i luftanalysene. Avdekking i konstruksjonen kan vera naudsynt for å avklare skadebiletet nærare.

Av Ola Matti Mathisen